

Saksprotokoll i fylkestinget - 15.06.2016

Tom Sverre Tomren (MDG) sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget registrerer at den årlege prisauken for buss prosentmessig er høgare enn prisauke på hurtigbåt. Hurtigbåtar fraktar 2 % av alle reisande men står for 30 % av fylkets Co2-utslepp. Hordaland fylkeskommune har som mål å stimulere dei reisande til å velje klimavennlege løysingar. I lys av dette er uheldig at prisauken er høgare på buss enn på hurtigbåt.»

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Tomren sitt forslag fekk 3 røyster (MDG) og fall.

Vedtak

Fylkestinget tek Kollektivstrategi for Hordaland - årsrapport 2015 til orientering.

Fylkestinget ber om å få utarbeidd tal på kva det kostar for bussar å stå i kø.